



# DELÅRSRAPPORT

## 4. kvartal 2023

Voss, 13. februar 2024  
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA  
Postboks 10, 5701 Voss  
Telefon: 56 52 35 00  
[www.vekselbanken.no](http://www.vekselbanken.no)  
E-post: [post@vekselbanken.no](mailto:post@vekselbanken.no)

# DELÅRSRAPPORT 4. KVARTAL 2024

## GENERELT

Rekneskapen er utarbeidd etter IFRS (International Financial Reporting Standards).

Banken har utarbeida konsernrekneskap og konsolidert inn Aktiv Voss AS, org. nr. 929656075. Aktiv Voss AS er eigd 51 % av banken og 49 % av tilsett i selskapet gjennom Fjose Invest AS. Aktiv Voss AS fekk konsesjon for eidedomsmeikling 8.9.2022, og opna Aktiv eidedomsmeiklar kontor på Voss i Skulegata 2 den 29.10.2022.

## RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før tap for utgangen av 4. kvartal på 105,5 mill. kr. Dette er ein auke på 33,3 mill. kr i høve til same periode i 2022. Resultat av ordinær drift før skatt er 101,1 mill. kr mot 70,5 mill. kr i 2022. Resultat etter skatt er 77,7 mill. kr mot 54,2 mill. kr i 2022.

Totalresultat pr. utgangen av 4. kvartal 2023 er 84,6 mill. kr mot 60,3 mill. kr for same periode i fjor. Banken leverer sitt beste resultat nokon gong i nominelle kroner.

Banken har ei positiv utvikling i basisdrifta. Eigenkapitalavkastninga etter skatt og med eigenkapitalen justert for hybridkapital er 11,3 % pr. utgangen av 4. kvartal i år mot 8,7 % for tilsvarende periode i fjor. Styrkinga kjem av god underliggjande drift, utlånsvekst, kostnadskontroll og vekst i andre inntekter.

For 4. kvartal isolert er resultat før tap 34,1 mill. kr, resultat før skatt 33,6 mill. kr, resultat etter skatt 26,4 mill. kr, og totalresultat 33,6 mill. kr. Eigenkapitalavkastninga etter skatt for kvartalet er 15,4 %.

## RENTENETTO

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter ved utgangen av 4. kvartal er bokført til 133,0 mill. kr. Dette er ein auke på 23,7 mill. kr frå same periode i 2022. Dette skuldast både volumvekst og auke i rentemarginen. Rentemarginen, definert som netto renteinntekter i prosent av rådveldekapital, er ved utgangen av 4. kvartal 2,20 % (1,90 %).

Isolert for 4. kvartal var netto rente- og kredittprovisjonsinntekter 34,9 mill. kr.

## ANDRE DRIFTSINNTEKTER

Ved utgangen av 4. kvartal bokfører banken akkumulert netto andre driftsinntekter på 42,6 mill. kr. Dette er ein auke på 20,0 mill. kr samanlikna med same periode i fjor. Netto provisjonsinntekter er ned 0,4 mill. kr i høve til 2022, sum utbytte er ned 1,2 mill. kr og netto verdiendring på finansielle instrument har auka med 16,9 mill. kr. Vidare bidreg Aktiv Voss AS med andre inntekter på 5,1 mill. kr.

For kvartalet isolert er netto andre driftsinntekter 15,0 mill. kr.

## DRIFTSKOSTNADER

Banken sine driftskostnader er ved utgangen av 4. kvartal bokført til 70,2 mill. kr mot 59,7 mill. kr i fjor. Lønn og andre personalkostnader har auka med 6,9 mill. kr i høve til 2022, medan andre driftskostnader har auka med 3,6 mill. kr. Av kostnadsauken er 4,2 mill. kr knytt til Aktiv Voss AS, og fordelt med 1,9 mill. kr i personalkostnader og 2,3 mill. kr i andre driftskostnader. Øvrig auke skuldast

i hovudsak auka IKT kostnader og kostnader i samband med byte av datasentral. Avskrivningane er ned 0,1 mill. kr samanlikna med 2022.

Isolert for 4. kvartal er driftskostnadane 15,7 mill. kr.

### TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

Ved utgangen av 4. kvartal har banken netto kostnadsført tap og nedskrivningar på utlån med 4,4 mill. kr mot 1,7 mill. kr i fjor. For nærare spesifikasjon, sjå note 5.

For 4. kvartal isolert er det netto kostnadsført tap og nedskrivningar på utlån med kr 0,6 mill. kr.

Banken har vidareført dei ekstraordinære bransjevise nedskrivningane knytt til auka usikkerheit med kraftig inflasjons- og renteauke, og generelt uro og svingingar i verdsøkonomien med 5,6 mill. kr. i 4. kvartal 2023. Dette grunna framleis usikkerheit kring den økonomiske utviklinga på lengre sikt.

### RÅDVELDEKAPITAL

Banken sin samla forretningskapital inklusive lån overført til Eika Boligkreditt er ved utgangen av 4. kvartal er 6.870 mill. kr. Dette er ein auke på 467 mill. kr (+7,3 %) siste året. Rådveldekapitalen på eiga bok er 6.267 mill. kr. ved utgangen av 4. kvartal.

### INNSKOT

Innskot frå kundar er ved utgangen av 4. kvartal på 4.391 mill. kr. Dette er ein auke på 316 mill. kr (+7,8 %) siste 12 månader. Innskotsdekninga ved utgangen av 4. kvartal er 82,2 % mot 80,0 % på same tidspunkt i fjor.

Innskota isolert for 4. kvartal har auka med 30 mill. kr.

### UTLÅN

Banken har ved utgangen av 4. kvartal i år hatt ein auke i utlåna siste året, inklusive lån i Eika Boligkreditt (EBK), på 314 mill. kr (+5,6 %). Utlånsauken til privatkundar er 245 mill. kr (+5,3 %), medan auken til næringskundar er 69 mill. kr (+6,8 %). Brutto utlån inklusive lån til EBK er ved utgangen av 4. kvartal 5.946 mill. kr (5.633 i 4. kvartal 2022).

For 4. kvartal isolert har det vore ein reduksjon i utlåna med 13,4 mill. kr, og fordelt med + 21,6 mill. kr til privatkundar og - 35,0 mill. kr til næringskundar.

Brutto utlån til kundar eksklusive lån overført til EBK er 5.344 mill. kr mot 5.091 mill. kr ved utgangen av 4. kvartal 2022. Av samla utlån er 1.091 mill. kr (20,4 %) utlån til næringsverksemd og 4.252 mill. kr (79,6 %) til personmarknaden. Lån til personmarknaden som er overført til EBK utgjør ved utgangen av 4. kvartal 603 mill. kr. Det gjev ein overføringsgrad av PM-lån til EBK på 12,4 % mot 11,8 % i 2022. Dette utgjør 10,1 % (9,6 %) av samla utlån. Den låge overføringsgraden gjev banken eit godt potensiale til vidare vekst og tilgang til likviditet gjennom auka bruk av EBK.

### LIKVIDITET

Likviditeten i kvartalet har vore god gjennom stabile innskot, moglegheit for bruk av Eika Boligkreditt, og også tilgang til finansiering i obligasjonsmarknaden. Banken har pr. 4. kvartal uteståande obligasjonsgjeld på 1.049 mill. kr mot 990 mill. kr ved utgangen av 4. kvartal 2022. Sjå note 8 for nærare detaljar. Ved utgangen av 4. kvartal rapporterer banken godt over minstekrava for likviditetsindikatorane med LCR 642 % og NSFR 138 %.

## EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Banken har ein kapitaldekningsprosent på 22,68 % ved utgangen av 4. kvartal mot 23,71 % på tilsvarende tidspunkt i fjor. Netto ansvarleg kapital i banken er 693,7 mill. kr, mot 657,4 mill. kr same periode i fjor.

Kjernekapitalen til banken er 633,7 mill. kr, medan banken sin reine kjernekapital er 583,7 mill. kr ved kvartalsskiftet. Dette gjev ei kjernekapitaldekning på 20,72 % (21,54 % i 4. kv. 2022) og ei rein kjernekapitaldekning på 19,09 % (19,74 % i 4. kv. 2022) av berekningsgrunnlaget. Uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 10,0 % ved utgangen av 4. kvartal 2023 mot 10,0 % på tilsvarende tidspunkt i fjor.

Banken har fått fastsett pilar 2-krav frå Finanstilsynet pr. 30. april 2022 på 2,0 %. Dette var i tråd med banken sine forventningar.

Frå 01.01.2018 rapporterer banken konsolidert kapitaldekning der ein tek omsyn til banken sine eigarandelar i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Bankens si konsoliderte kapitaldekning er 22,32 % ved utgangen av 4. kvartal, medan konsolidert kjernekapitaldekning og rein kjernekapitaldekning er på høvesvis 20,34 % og 18,71 %. Konsolidert uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 9,50 %.

## FRAMLEGG TIL UTBYTTE

Vekselbanken har som målsetjing å oppnå økonomiske resultat som gjev ei god og stabil avkastning på banken sin eigenkapital. Resultata skal sikre aksjonærane konkurransedyktig langsiktig avkastning i form av utbytte og verdistigning på eigenkapitalen.

Styret i banken gjer framlegg om å utbetala kr 14,10 i utbytte pr. aksje for 2023, samanlikna med kr 10,50 for 2022. Utbyttet på kr 14,10 i år gjev eit utdelingsforhold sett mot årsresultatet på 43,2 %. Det gjev ei direkte avkastning på 5,8 % rekna mot børskurs 31.12.2023 på kr 242,00. Føreslege utbytte er i samsvar med guidinga som er eit utdelingsforhold mellom 40 % – 50 % av årsresultatet dersom ikkje soliditeten tilseier noko anna.

## REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

## UTSIKTENE FOR 2024

Styret meiner at banken med si solide basisdrift og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Bankens har klart å styrke kjernedrifta dei siste åra gjennom bevisst satsing på kvalitetsmessig vekst, vekst i andre inntekter og kostnadsreduksjonar. Utvida satsing på sal av forsikrings- og spareprodukt styrker banken sitt inntektsgrunnlag.

Den vedvarande krigen i Ukraina og Midtausten kombinert med vedvarande høg inflasjon har ført til auka usikkerheit. Inflasjonen er framleis på eit høgt nivå, og kombinert med stigande renter har dette bremsa aktiviteten i mange bransjar. Bankens har teke omsyn til dette i vurderingane av nedskrivningane på utlån. Vurderingane er gjort i samsvar med krava under IFRS 9.

Norges Bank har i dei siste to åra lyfta styringsrenta rekordraskt, men det er venta at rentetoppen no er nådd med den siste hevinga i desember.

Bankens har dei siste åra hatt ein konservativ risikoprofil når det gjeld forvaltningsmandat i sine verdipapirplasseringar, og dette har sikra banken låg risiko for tap i portefølja.

## FRÅSEGN FRÅ STYRE OG BANKSJEF I SAMSVAR MED VERDIPAPIRHANDELLOVA

Me stadfester etter beste overtyding at rekneskapen for 4. kvartal 2023 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov og IFRS, og at rekneskapsopplysningane samla sett gjev eit rettviseande bilete av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, og at delårsrapporten gjev eit rettviseande oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapen, nærståande vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.

Kontaktpersonar: Administrerande banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

Voss, 13. februar 2024


Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


  
Stein Kvarekvål  
Styreleiar

  
Marita Østrem

  
Olav Seim

  
Gunvall Medhus

  
Solfrid Dagestad Midttun  
Tilsette sin repr.

  
Stig Gunnar Røthe  
Adm. banksjef

<b>Resultat - Konsern</b>		<b>4. kvartal isolert</b>		<b>Året</b>	<b>Året</b>	<b>Året</b>
<i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i>	<b>Note</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>	<b>31.12.23</b>	<b>31.12.22</b>	<b>31.12.22</b>
Renteinntekter fra egenlutar vurdert til amortisert kost		84.341	56.128	295.425	174.782	174.782
Renteinntekter fra øvrige egenlutar		0	-200	0	0	0
Rentekostnader og liknande kostnader		49.427	25.952	162.395	65.446	65.446
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>		<b>34.914</b>	<b>29.976</b>	<b>133.030</b>	<b>109.336</b>	<b>109.336</b>
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester		5.385	5.006	17.871	17.121	17.121
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		1.287	558	3.330	2.221	2.221
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrument		0	596	3.360	4.571	4.571
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	Note 7	9.930	6.890	19.638	2.692	2.692
Andre driftsinntekter		942	449	5.104	466	466
<b>Netto andre driftsinntekter</b>		<b>14.969</b>	<b>12.383</b>	<b>42.642</b>	<b>22.630</b>	<b>22.630</b>
Løn og andre personalkostnader		8.665	7.184	31.175	24.245	24.245
Andre driftskostnader		6.765	11.958	37.579	33.957	33.957
Avskrivningar og nedskrivningar på varige og immaterielle egenlutar		304	381	1.416	1.528	1.528
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>15.734</b>	<b>19.523</b>	<b>70.170</b>	<b>59.730</b>	<b>59.730</b>
<b>Resultat før tap</b>		<b>34.149</b>	<b>22.836</b>	<b>105.502</b>	<b>72.236</b>	<b>72.236</b>
Kredittap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir	Note 5	568	190	4.419	1.731	1.731
<b>Resultat før skatt</b>		<b>33.580</b>	<b>22.646</b>	<b>101.084</b>	<b>70.505</b>	<b>70.505</b>
Skattekostnad		7.154	5.500	23.430	16.310	16.310
<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>		<b>26.426</b>	<b>17.146</b>	<b>77.653</b>	<b>54.195</b>	<b>54.195</b>
<i>Utvida resultat - Tal i tusen kroner</i>						
Estimatendringer knyttet til ytelsesbaserte pensjonsordninger						
Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over utvida resultat	Note 7	7.133	3.425	6.882	5.980	5.980
Skatt						
<b>Sum postar som ikkje vil bli klassisifert over resultatet</b>		<b>7.133</b>	<b>3.425</b>	<b>6.882</b>	<b>5.980</b>	<b>5.980</b>
Verdiendring utlån til verkeleg verdi		59	72	59	125	125
Verdiendring renteberande verdipapir til verkeleg verdi over utvida resultat						
Verdiendring rentebærende verdipapirer over utvidet resultat						
Skatt		-15	-18	-15	-31	-31
<b>Sum postar som vil bli klassisifert over resultatet</b>		<b>44</b>	<b>54</b>	<b>44</b>	<b>94</b>	<b>94</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>33.603</b>	<b>20.625</b>	<b>84.580</b>	<b>60.269</b>	<b>60.269</b>
<b>Resultat per aksje</b>		<b>11,44</b>	<b>6,80</b>	<b>33,04</b>	<b>23,60</b>	<b>23,60</b>
<b>Resultat etter skatt</b>						
Aksjeeigarane sin andel av resultatet		25.264		72.814	52.012	52.012
Hybridkapitaleigarane sin andel av resultatet		1.153		4.516	2.234	2.234
Ikkje kontrollerande eigarinteresser sin andel av resultatet		9		322	-51	-51
<b>Totalresultat</b>						
Aksjeeigarane sin andel av resultatet		32.441		79.740	58.086	58.086
Hybridkapitaleigarane sin andel av resultatet		1.153		4.516	2.234	2.234
Ikkje kontrollerande eigarinteresser sin andel av resultatet		9		322	-51	-51

<b>Resultat - Morbank</b>		<b>4. kvartal isolert</b>		<b>4. kvartal</b>	<b>4. kvartal</b>	<b>Året</b>
<i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i>	<b>Note</b>	<b>2023</b>	<b>2022</b>	<b>31.12.23</b>	<b>31.12.22</b>	<b>31.12.22</b>
Renteinntekter frå eigenlutar vurdert til amortisert kost		84.347	56.128	295.469	174.787	174.787
Renteinntekter frå øvrige eigenlutar		0	-200	0	-200	-200
Rentekostnader og liknande kostnader		49.440	25.952	162.408	65.246	65.246
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>		<b>34.907</b>	<b>29.976</b>	<b>133.060</b>	<b>109.341</b>	<b>109.341</b>
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester		5.385	5.006	17.871	17.121	17.121
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		1.287	558	3.330	2.221	2.221
Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument		0	596	3.360	4.571	4.571
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	Note 7	9.930	6.890	19.638	2.692	2.692
Andre driftsinntekter		27	0	29	17	17
<b>Netto andre driftsinntekter</b>		<b>14.054</b>	<b>11.934</b>	<b>37.567</b>	<b>22.181</b>	<b>22.181</b>
Løn og andre personalkostnader		8.254	7.004	29.289	24.066	24.066
Andre driftskostnader		6.291	11.566	35.316	33.570	33.570
Avskrivningar og nedskrivningar på varige og immaterielle eigenlutar		290	370	1.364	1.516	1.516
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>14.836</b>	<b>18.940</b>	<b>65.969</b>	<b>59.152</b>	<b>59.152</b>
<b>Resultat før tap</b>		<b>34.125</b>	<b>22.970</b>	<b>104.659</b>	<b>72.370</b>	<b>72.370</b>
Kreditttap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir	Note 5	568	190	4.419	1.731	1.731
<b>Resultat før skatt</b>		<b>33.557</b>	<b>22.780</b>	<b>100.239</b>	<b>70.639</b>	<b>70.639</b>
Skattekostnad		7.149	5.500	23.245	16.339	16.339
<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>		<b>26.408</b>	<b>17.280</b>	<b>76.994</b>	<b>54.300</b>	<b>54.300</b>
<i>Utvida resultat - Tal i tusen kroner</i>						
Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over utvida resultat	Note 7	7.133	3.425	6.882	5.980	5.980
<b>Sum postar som ikkje vil bli klassifisert over resultatet</b>		<b>7.133</b>	<b>3.425</b>	<b>6.882</b>	<b>5.980</b>	<b>5.980</b>
Verdiendring utlån til verkeleg verdi		59	17	59	125	125
Skatt		-15	-4	-15	-31	-31
<b>Sum postar som vil bli klassifisert over resultatet</b>		<b>44</b>	<b>13</b>	<b>44</b>	<b>94</b>	<b>94</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>33.585</b>	<b>20.718</b>	<b>83.921</b>	<b>60.374</b>	<b>60.374</b>
<b>Resultat per aksje</b>		<b>11,29</b>	<b>6,83</b>	<b>32,89</b>	<b>23,63</b>	<b>23,63</b>

#### Balanse - Eigenlutar - Konsern

<i>Tal i tusen kroner</i>	<b>Note</b>	<b>31.12.23</b>	<b>31.12.22</b>	<b>31.12.22</b>
Kontantar og kontantekvivalentar		77.931	76.809	76.809
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		265.139	149.017	149.017
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi	Note 4 og 5	3.921.806	3.740.093	3.740.093
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	Note 4 og 5	1.396.678	1.322.257	1.322.257
Rentebærande verdipapir	Note 7	0	0	0
Finansielle derivater		0	0	0
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	Note 7	585.183	549.012	549.012
Eierinteresser i tilknyttede selskaper og felleskontrollerte foretak	Note 3	0	0	0
Eigarinteresse i konsernselskap		0	0	0
Immaterielle eiendeler		0	0	0
Varige driftsmiddel		16.892	17.006	17.006
Andre eigenlutar		4.196	6.360	6.360
Anleggsmidler og avhendingsgrupper holdt for salg		0	0	0
<b>Sum eigenlutar</b>		<b>6.267.823</b>	<b>5.860.553</b>	<b>5.860.553</b>

#### Balanse - Gjeld og eigenkapital

<i>Tal i tusen kroner</i>		<b>31.12.23</b>	<b>31.12.22</b>	<b>31.12.22</b>
Innlån frå kredittinstitusjonar		0	24	24
Innskot frå kundar		4.390.434	4.070.793	4.070.793
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	Note 8	1.049.368	989.974	989.974
Finansielle derivater		0	0	0
Anna gjeld		21.904	28.960	28.960
Pensjonsforpliktingar		0	0	0
Forpliktingar ved skatt		21.133	16.533	16.533
Andre avsetningar		324	463	463
Ansvarleg lånekapital	Note 8	60.142	60.109	60.109
Fondsobligasjonskapital		0	0	0
<b>Sum gjeld</b>		<b>5.543.304</b>	<b>5.166.855</b>	<b>5.166.855</b>
Innskoten eigenkapital		58.014	58.014	58.014
Opptent eigenkapital		615.880	559.278	559.278
Fondsobligasjonskapital		50.210	76.313	76.313
Resultat i perioden etter skatt		0	0	0
Ikkje kontrollerte eigarinteresser		415	93	93
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>724.519</b>	<b>693.698</b>	<b>693.698</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>		<b>6.267.823</b>	<b>5.860.553</b>	<b>5.860.553</b>

<b>Balanse - Eigenlutar - Morbank</b>				
<i>Tal i tusen kroner</i>		<b>Note</b>	<b>31.12.23</b>	<b>31.12.22</b>
Kontantar og kontantekvivalentar			77.931	76.809
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar			265.139	149.017
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi		Note 4 og 5	3.921.806	3.744.149
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost		Note 4 og 5	1.396.678	1.318.624
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument		Note 7	585.183	549.012
Eigarinteresser i konsernselskap			153	153
Varige driftsmiddel			16.601	16.660
Andre eigenlutar			3.670	5.931
<b>Sum eigenlutar</b>			<b>6.267.159</b>	<b>5.860.355</b>
<b>Balanse - Gjeld og eigenkapital</b>				
<i>Tal i tusen kroner</i>			<b>31.12.23</b>	<b>31.12.22</b>
Innlån frå kredittinstitusjonar			0	24
Innskot frå kundar			4.391.029	4.074.831
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir		Note 8	1.049.368	989.974
Anna gjeld			21.496	24.760
Forpliktingar ved skatt			20.977	16.533
Andre avsetningar			324	463
Ansvarleg lånekapital		Note 8	60.142	60.109
<b>Sum gjeld</b>			<b>5.543.335</b>	<b>5.166.693</b>
Innskoten eigenkapital			58.014	58.014
Opptent eigenkapital			615.600	559.335
Fondsobligasjonskapital			50.210	76.313
Resultat i perioden etter skatt			0	0
Ikke kontrollerte eierinteresser				
<b>Sum eigenkapital</b>			<b>723.824</b>	<b>693.662</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>			<b>6.267.159</b>	<b>5.860.355</b>

Voss, 13. februar 2024


Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


  
Stein Kvarekvål  
Styreleiar

  
Marita Østrem

  
Olav Seim

  
Gunvall Medhus

  
Solfrid Dagestad Midttun  
Tilsette sin repr.

  
Stig Gunnar Røthe  
Adm. banksjef



## EIGENKAPITALOPPSTILLING - KONSERN

Tal i tusen kroner	Innskoten egenkapital					Fond for urealiserte vinstar	Annan opptent egenkapital	Ikkje-kontrollerende eigarinteresser	Sum egenkapital
	Aksjar	Eigne aksjar	Overkurs	Fondsobligasjon					
<b>Eigenkapital 31.12.2022</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>76.313</b>	<b>33.401</b>	<b>525.876</b>	<b>93</b>	<b>693.698</b>	
Resultat etter skatt				4.516	-512	73.326	322	77.652	
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					6.469			6.469	
Vinst sal egenkapitalinstrument						413		413	
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)					59			59	
Skatt på verdiendring utlån					-15			-15	
<b>Totalresultat 31.12.2023</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>4.516</b>	<b>6.001</b>	<b>73.739</b>	<b>322</b>	<b>84.579</b>	
Utbetalt utbytte						-23.139		-23.139	
Utbetalte renter hybridkapital				-4.620				-4.620	
Tilbakekjøp av fondsobligasjon				-26.000				-26.000	
<b>Eigenkapital 31.12.2023</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>50.210</b>	<b>39.402</b>	<b>576.476</b>	<b>415</b>	<b>724.519</b>	
<b>Eigenkapital 31.12.2021</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>40.108</b>	<b>28.020</b>	<b>495.321</b>	<b>0</b>	<b>621.464</b>	
Resultat etter skatt				2.234	-512	52.524	-51	54.195	
Vinst sal egenkapitalinstrument						181		181	
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					5.799			5.799	
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)					125			125	
Skatt på verdiendring utlån					-31			-31	
<b>Totalresultat 31.12.2022</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2.234</b>	<b>5.381</b>	<b>52.705</b>	<b>-51</b>	<b>60.269</b>	
Transaksjonar med eigarane							147	147	
Stiftingskostnad dotterselskap						-3	-3	-6	
Utbetalte renter hybridkapital				-2.029				-2.029	
Utferding av ny fondsobligasjon				50.000				50.000	
Tilbakekjøp av fondsobligasjon				-14.000				-14.000	
Utbetalt utbytte						-22.147		-22.147	
<b>Eigenkapital 31.12.2022</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>76.313</b>	<b>33.401</b>	<b>525.876</b>	<b>93</b>	<b>693.698</b>	

## EIGENKAPITALOPPSTILLING - MORBANK

Tal i tusen kroner	Innskoten egenkapital				Opptent egenkapital		Sum egenkapital
	Aksjar	Eigne aksjar	Overkurs	Fondsobligasjon	Fond for urealiserte vinstar	Annan opptent egenkapital	
<b>Eigenkapital 31.12.2022</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>76.313</b>	<b>33.401</b>	<b>525.933</b>	<b>693.662</b>
Resultat etter skatt				4.516	-512	72.990	76.994
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					6.469		6.469
Vinst sal egenkapitalinstrument						413	413
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)					59		59
Skatt på verdiendring utlån					-15		-15
<b>Totalresultat 31.12.2023</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>4.516</b>	<b>6.001</b>	<b>73.403</b>	<b>83.921</b>
Utbetalt utbytte						-23.139	-23.139
Utbetalte renter hybridkapital				-4.620			-4.620
Tilbakekjøp av fondsobligasjon				-26.000			-26.000
<b>Eigenkapital 31.12.2023</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>50.210</b>	<b>39.402</b>	<b>576.198</b>	<b>723.824</b>
<b>Eigenkapital 31.12.2021</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>40.108</b>	<b>28.020</b>	<b>495.321</b>	<b>621.464</b>
Resultat etter skatt				2.234	-512	52.578	54.300
Vinst sal egenkapitalinstrument						181	181
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					5.799		5.799
Verdiendring utlån (ECL 12 mnd)					125		125
Skatt på verdiendring utlån					-31		-31
<b>Totalresultat 31.12.2022</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2.234</b>	<b>5.381</b>	<b>52.759</b>	<b>60.374</b>
Transaksjonar med eigarane							-
Utbetalte renter hybridkapital				-2.029			-2.029
Utferding av ny fondsobligasjon				50.000			50.000
Tilbakekjøp av fondsobligasjon				-14.000			-14.000
Utbetalt utbytte						-22.147	-22.147
<b>Eigenkapital 31.12.2022</b>	<b>11.103</b>	<b>-84</b>	<b>46.995</b>	<b>76.313</b>	<b>33.401</b>	<b>525.933</b>	<b>693.662</b>

## KONTANTSTRAUMOPPSTILLING - KONSERN

<i>Tal i tusen kroner</i>	4. kvartal 2023	4. kvartal 2022
<b>Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter</b>		
Netto utbetaling av lån til kunder	-260.782	-55.920
Renteinnbetalinger på utlån til kunder	285.013	172.942
Netto inn-/utbetaling av innskot fra kunder	316.198	104.604
Renteutbetalinger på innskot fra kunder	-105.343	-37.382
Renteutbetalinger på gjeld til kredittinstitusjoner/renteinnbetalinger på innskot kredittinstitusjoner	11.005	1.843
Kjøp og salg av sertifikat og obligasjoner	0	0
Endring på sertifikat og obligasjoner	0	0
Netto provisjonsinnbetalinger	14.540	15.251
Netto inn-/utbetaling kortsiktige investeringer i verdipapir	0	568
Utbetalinger til drift	-70.234	-61.884
Betalt skatt	-16.893	-15.381
Utbetalte gaver	0	0
<b>A Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter</b>	<b>173.505</b>	<b>124.640</b>
<b>Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter</b>		
Netto investering i varige driftsmidler	-1.304	-871
Netto investering i langsiktige verdipapir	-10.098	-33.820
Utbytte fra langsiktige investeringer i aksjar	3.360	4.571
<b>B Netto kontantstrøm fra investeringsaktivitet</b>	<b>-8.042</b>	<b>-30.120</b>
<b>Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter</b>		
Netto inn-/utbetaling ved utstedelse/forfall gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer		
Innbetaling ved utferding av verdipapirgjeld	275.000	350.000
Utbetaling ved forfall verdipapirgjeld	-217.000	-418.000
Renteutbetalinger på gjeld stifta ved utferding av verdipapir	-48.986	-23.859
Innbetaling ved lån fra kredittinstitusjoner	0	0
Utbetaling ved forfall lån fra kredittinstitusjoner	0	0
Renter på gjeld til kredittinstitusjoner	-24	0
Netto inn-/utbetaling ved utferding/forfall ansvarlege lån	0	0
Innbetaling ved utferding av ansvarlege lån	0	0
Utbetaling ved forfall ansvarlege lån	0	0
Renteutbetaling på ansvarlege lån	-3.450	-2.073
Innbetaling ved utferding av fondsobligasjonskapital	0	50.000
Utbetaling ved forfall av fondsobligasjonskapital	-26.000	-14.000
Renter på fondsobligasjon	-4.620	-2.029
Kjøp og sal av egne aksjar	0	0
Emisjon av aksjar	0	0
Aksjeutbytte	-23.139	-22.147
<b>C Netto kontantstrøm fra finansieringsaktivitet</b>	<b>-48.218</b>	<b>-82.108</b>
<b>A + B + C Netto endring likvidar i perioden</b>	<b>117.244</b>	<b>12.412</b>
Likviditetsbeholdning 1.1	225.825	213.414
<b>Likviditetsbeholdning 31.12</b>	<b>343.070</b>	<b>225.826</b>
<b>Likviditetsbeholdning spesifisert:</b>		
Kontantar og fordringar på Sentralbanken	77.931	76.809
Fordringar på kredittinstitusjonar	265.139	149.017
<b>Likviditetsbeholdning</b>	<b>343.070</b>	<b>225.826</b>

## NOTE 1 - Generell informasjon

---

Banken har frå 4. kvartal 2022 konsolidert inn Aktiv Voss AS, org. nr. 929656075. Aktiv Voss AS er eigd 51 % av banken og 49 % av tilsett i selskapet gjennom Fjose Invest AS. Aktiv Voss AS fekk konsesjon for eigedomsmekling 8.9.2022, og opna Aktiv eigedomsmeklar kontor på Voss i Skulegata 2 den 29.10.2022.

Den vedvarande krigen i Ukraina og Midtausten fører til usikkerheit, og inflasjonen er framleis høg. Noko som bremsar takt og tidpunkt for ein evt. rentenedgang. Dette fører til auka usikkerheit i økonomien, sjølv om me merkar lite til dette lokalt.

Banken med si fordeling 80 % PM og 20 % BM, med ei godt diversifisert BM-portefølje og ein solid kapitalsituasjon har gode føresetnader til å stå imot auka usikkerheit og å kunne vekse vidare.

### *Utlån med statsgaranti frå Eksportfinansiering Norge (Eksfin)*

Dette er ei låneordning som staten har innført for å hjelpe bedrifter som står i ei akutt likviditetskrise som fylgje av direkte eller indirekte verknader av Covid-19. Ordninga er basert på at det er bankane som skal administrere den og syte for at vilkår i lov og forskrift er oppfylt. Statleg garanterte lån under ordninga inneber at staten garanterer for 90 % av banklån til bedrifter som kvalifiserer under ordninga. Vekselbanken har fått tildelt ei ramme på 148,3 mill. kr under ordninga, og har pr. utgangen av 4. kvartal innvilga lån for 32,1 mill. kr fordelt på 16 lån. Ordninga vart lukka pr. 1.7.2022.

## NOTE 2 - Rekneskapsprinsipp og -estimat

---

### *Rekneskapsprinsipp*

Kvartalsrekneskapen omfattar perioden 01.01.2023 - 31.12.2023. Kvartalsrekneskapen er utarbeida i samsvar med IFRS-delårsrapportering.

Delårsrekneskapane er ureviderte. Føreliggjande kvartalsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande standardar under IFRS og IFRIC-fortolkningar. Kvartalsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap, og bør lesast i samanheng med årsrekneskapen for 2022.

Covid-19-situasjonen og etterfylgjande krig i Ukraina førte til ein vesentleg og rask endring i kredittrisikoen for banken sin portefølje. Uvissa knytt til dette, gjorde det naudsynt å gjera ein justering på porteføljnivå for forventa tap.

### *Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar*

Utarbeiding av rekneskapen medfører at leiinga gjer estimat og skjønsmessige vurderingar og tek føresetnader som påverkar effekten av bruken av rekneskapsprinsipp og dermed rekneskapsførte beløp for eignelutar, forpliktingar, inntekter og kostnader. I årsrekneskapen for 2022 er det gjort nærare greie for kritiske estimat og vurderingar vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp. Estimater og skjønsmessige vurderingar vert løpande evaluerte, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert sett på som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt uvisse til føresetnader og forventningar som ligg til grunn for estimata og dei skjønsmessige vurderingane som er nytta.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er oppgjeve. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

### **Nedskrivningar på utlån**

